

HAREID ROTARY KLUBB



MÅNEDSBREV NOVEMBER 2005.

ÅRGANG 41

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 - 19.00
Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Arve Rikard Røyset
Visepres.: Hans Gisle Holstad
Sekretær: Trygve Riise
Kasserer: Oddvar Haugen
Past pres.: Ingar Bigset
Styremedlem: Aage Nytnun
Styremedlem: Johan Ole Brandal
Leiar ungdoms
utveksling: John Stennes
Ansv. Red.: Sverre Bjåstad
Referent: Egil Utgård

Fødselsdager i november:

| | |
|------------------|-------|
| Oskar Grimstad | 08.11 |
| Arne Lillebø | 24.11 |
| Nils Yngve Nupen | 28.11 |
| Egil Utgård | 26.11 |
| Gunnar Riise | 28.11 |
| Arve Røyset | 29.11 |

100% frammøte nov. 2005:

| | |
|--------------------|-------------------|
| Sverre Bjåstad | Halkjell Dahle |
| Magnar Hatløy | Oddvar Haugen |
| Aage Nytnun | Arve Røyset |
| Sanyjanjan | John Stennes |
| Elias Sellevoll | Jan Håvard Nytnun |
| Vigdis Riise | Arne G. Grimstad |
| Jarle Klungsøyr | Håkon Brekke |
| Bjørn Teigene | Sigurd Bigseth |
| Karl Johan Brandal | |

Frammøteprosent: 72,3

Danse mi vise, gråte min sang

Vinden blæs synna,
og vinden blæs norda,
lyset og skuggen
er syskjen på jorda.
Sommarn er stutt,
og vintern er lang.
Danse mi vise,
gråte min sang.

Innunder yta
glir moldmørke årer.
Blåveisen blømer
i gråbleke vårer.
Livstrua bryt gjennom
tela og tvang.
Danse mi vise,
gråte min sang.

Friarar er vi
om vona er lita.
Nynn om a Berit,
så får du a Brita.
Drøm på din sten
at du sit på et fang.
Danse mi vise,
gråte min sang.

Somme er fattige,
somme er rike.
Bare tel slut
er vi jamsi`s og like.
Vegen er lystig,
og vegen er vrang.
Danse mi vise,
gråte min sang.

Einar Skjæråsen

Månadsbrev Hareid Rotaryklubb – november 2005.

Referent Egil Utgård

Møte 7. november

Det var Johan Ole Brandal som stod for programmet denne kvelden. Som fungerande formann i Rotary Foundation dette rotaryåret, hadde han vore på kurs på Sjøholt og vorte orientert om fonda i Rotary, og kva pengane vert brukte til.

Kurset vart halde av Bjørn Jordahl, og frå vår klubb møtte også John Stennes som representant for distriktet.

Rotary Foundation har 3 fond som ein kan gi pengar til.

1. Annual Program Fund

(Det årlege program fondet)

Pengane står på konto i 3 år og skal brukast til vedtekne prosjekt.

2. Permanent Fund

(Mål 2005= 200 mill. \$)

(Mål 2024= 1 milliard \$)

Pengane blir investerte, og rentene vert brukte.

3. Poliopluss Fund

Pengane skal brukast til å nå Rotary sine mål om ei poliofri verd.

Rotary Foundation hadde ved starten av rotaryåret til saman fond på ca. 5 milliardar NOK, og dei gav bidrag på om lag 800 mill. NOK. i førre rotaryår.

Vårt distrikt gav til saman 53.459 \$ til desse fonda i 2004/2005.

PolioPlus-programmet har vore Rotary sitt hovedsatsingsprogram dei siste åra.

Dette programmet har vore eit samarbeidsprosjekt mellom Unicef,

WHO og Rotary, og har ført til at polio no nesten er heilt utrydda over heile verda.

Rotary Foundation si hovudoppgåve er gjennom bidrag å hjelpe Rotary International i å nå sine mål om verdsforståing, og til å arbeide for fred gjennom lokale, nasjonale og internasjonale organisasjonar.

Som viktige bidrag til dette, deler Rotary Foundation 2 stipend gjennom:

1. Utdanningsprogrammet

(Educational programs)


2. Humanitære Program

(Humanitarian programs)

Rotary gir stipend til personar som vil utdanne seg til ambassadørar, eller universitetslærarar.

Dette er første gongen vi i vår klubb har hatt ein så god gjennomgang om bruken av pengane som vi sender til Rotary Foundation, og Johan Ole la fram tala på ein grei og ryddig måte.

Her ser vi Johan Ole med statistikken som viser nedgangen i tilfelle av polio.



Møte 14. november

Presidenten leia møtet. Etter at vi hadde sunge ”Vi vandrer med freidig mot”, bar han fram ei takk frå Hareid Alders- og sjukeheim for at Rotary hadde skaffa nytt høgtaleranlegg til Hadartun.

Denne kvelden var det Geir Holstad som er leiar ved Ulstein Elektro, som skulle fortelje oss om bedrifta.

Geir er hareidsgut, oppvoksen i Hovden, og for dei fleste av oss kjend som den elegante midtbane-spelaren på Hareid gjennom mange år. Dei siste åra av si fotball-karriere, spelte Geir på Hødd i eliteserien.

Ulstein Elektro vart starta i 1987 då Ulsteinkonsernet kjøpte 75% av aksjane i Leif Dimmen AS. Samstundes vart elektroavdelinga ved Ulstein Hatlø AS gradvis trappa ned.

Alt i første heile driftsåret, i 1988, hadde bedrifta 26 mill. i årsomsetnad, og 61 tilsette.

I dag har bedrifta 130 tilsette, og ein omsetnad på 150 mill. Bedrifta har såleis hatt ei rivande utvikling, og har hatt positive driftsresultat kvart år sidan starten.

Dei har Tavleverkstad i Herøy, Automasjonsavdeling Spjelkavik, Skipsavdeling ved Ulstein Verft og Administrasjon i Saunesmarka. Neste år vil dei samle aktivitetane på Osneset, og bygge nytt administrasjonsbygg der. Dei første åra dreiv bedrifta både med skips –og husinnstallasjon, men

husdelen vart lagt ned i 2000.

Bedrifta har bevist satsa på produktutvikling.

”**Ulstein Com**”, som er ei integrert kommunikasjonsløyising for skip, er eksempel på produkt som bedrifta er kjend for.

Bedrifta har for tida godt med arbeid. Boomen i offshore-bransjen gjer at utsiktene for dei to neste åra er svært gode.

Oppdraga er svært komplekse, og med korte leveringstider, og det er til tider vanskeleg å få tak i kvalifisert arbeidskraft.

Utfordringane no er å halde kostnadane nede, og å oppnå tilfredstillande inntening.

Det er også no ein må planlegge for dårlegare tider, kanskje i 2008?

Bedrifta har ein ordreservert på 150 mill., fordelt på 8 skip.

Bedrifta ser store moglegheiter på eksportmarknaden, og vil auke innsatsen der.

Her ser vi anlegget i Saunesmarka.



Møte 21. november

Kvart år har vi ordna det slik at Guvernørbesøket vert kombinert med den store Røyrafesten. Slik var det også i år.

Det å lage til ein slik fest, krev stor innsats frå mange i klubben. Likevel er der to personar som eg spesielt vil trekke fram: "Røyrfiskarane" gjennom 35 år, Jarle og Håkon. Utan deira innsats hadde det vore smått med røyrr mange år. Dei har alltid vore å lite på.

Også i år hadde dei fått god hjelp av Karl Johan og Titten til fisinga.

Her ser vi karane i fullt arbeid .



Etter at fangsten er sikra, er det "Sløyarane" som tek over arbeidet, og gjer fisken steikeklar.

I år var det Elias og Arne G. som hadde jobben med å lage fisken klar for steiking og koking,

Harald Røyset hadde også i år laga ansjos. Nytt av året var "rakarøyr", som også smaka fortreffeleg.

Då vi møtte fram til ei varm og koseleg hytte, hadde fest- og kammeratskaps- komiteen vore i sving lenge.

Borda var pynta, og på kjøkkenet såg det ut til at alt var under kontroll.

Her ser vi Elias og Terje i full sving ned steikinga, medan Sanjayan prøvesmakar.



Men røyra er ein ting, tilfanget noko heilt anna. Det skal steikast laks, lagast salatar, sausar og poteter.

Her er Karl Johan og Arne i fullt arbeid med salaten



Men før presidenten kunne ønske oss velkomne til bords, var det Guvernøren for vårt distrikt, *Ole Myrbekk frå Stjørdal RK*, sin tur til å halde tale.

Han fortalde først om si yrkesaktive karriere. Han hadde vore tilsett i det militære ved Ørlandet flystasjon. Etter at han vart pensjonist, hadde han teke på seg ein del spesialoppdrag som hadde tilknytning til tidlegare yrke, gått inn i politikken og no også Guvernør. Han hadde derfor ikkje vanskar med å få tida til å gå.

I sin tale fortalde han og viste bilete frå sin tur til Chicago. Han nemde Rotary Foundation, Polie pluss og Rotary si målsetting om ei poliefri verd.

Før på dagen hadde han hatt møte med komiteane i klubben, der alle fekk nyttige tips om arbeidet i sine komitear.

Her ser vi Ole under talen.



Guvernøren gav uttrykk for at klubben vart godt driven, og at vi hadde mange gode prosjekt på gong.

Mange av songarane i Bigset Blandakor er medlemmer i Hareid Rotarykubb. Koret hadde lagt første delen av øvingskvelden til Holesanden, og underheldt oss med god song.



Deretter kunne ”røyragildet” take til, og bordet som festkomiteen trylla fram, hadde alle variasjonar av røyr som ein kan tenkje seg. Sprøstekt røyr, rømmesteikt røyr, kokt røyr, graven røyr, ansjos av røyr, salatar, sausar og alt tilbehør.

Slik såg det tiltalande bordet ut



Alle sette pris på maten, og forsynte seg godt frå det tiltalande bordet.

Festen vart leia av president Arve.

Alle såg ut til å kose seg på festen

